

Julefesten for skulen i kveld var som tradisjonen tilseier ein allsidig presentasjon av kva elevane kan. Naturleg nok var det mykje song, men også andre innslag som imponerte. Eit av dei var eit langt og krevjande stykke som handla om eit lokalt nisseoppgjer og som sjetteklassa framførte. Eit anna var ein spenstig linedance ved femteklassa.

Det heile vart opna av koret som skulen har fått og som tydelegvis er godt leia av Ranveig Fjell Helleland og Maria Larsen. Songarane er henta frå dei 4 øverste klassane og dei framførte 4 songar der nynorskversjonen av Sonjas song var den vakraste.

Eit betagande innslag sto førsteklasingane for med sitt Luciatog medan andreklassa bidro med den muntre og udødelege slageren om mamma som kyssa nissen.

Også tredjeklasssa hadde eit songinnslag medan Maja Bolette Pile og Emma Myklebust Ripel braut monotonien med ein hornduo. Fjerdeklassa framførte også ein krevjande sketsj medan dei frå sjuande las juleevangeliet som tradisjonen tilseier

Det var i det heile eit velredigert program som vart sikkert leia av Anine Enes og Ronja Lakselv. Men vi håpar at den godt innarbeida tradisjonen med julefest i hallen og på Dønhauglåven vekselvis ikkje er vraka for godt. For eigentleg skulle det vel ha vore Dønhaugfest i år - etter ruteplanen? Det er noko spesielt med jul på låven anten det er for små eller store...

Etter det timelange programmet var det matøkt i klasseromma og gang rundt juletreet. Det opna opna med fakkeltog frå Grano - ei vakker oppleving i det trass i alt fine vinterveret.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen